

# Plan for friluftslivets ferdselsårer

2024 – 2028



# Innholdsliste

Rammer for planen – side 3

Mål og prinsipp for kommunen – side 7

Overordna situasjon og tiltak – side 15

Status og behov i bygdene – side 18

Prioritering av tiltak – side 28

# Kva er plan for friluftslivets ferdselsårer?

Plan for friluftslivets ferdselsårer skal gi nokre overordna prinsipp for korleis kommunen ønskjer å jobbe med tilrettelegging av tursti og turvegnettet i Sogndal kommune. Planen skal gi oss betre oversikt over tilstanden på stiar og turvegar i kommunen sine viktigaste friluftsområde, og foreslå utbetringar som byggjer på dei overordna prinsippa i planen. Målet er at me aukar kvaliteten på friluftsupplevingane til innbyggjarar og besøkande på ein berekraftig måte. Planen vil fungere som eit verktøy ved planlegging og drift av nye og eksisterande ferdselsårer og skal vere eit hjelpemiddel i overordna planlegging og detaljplanlegging i kommunen. Tiltaka som planen foreslår kan følgjast opp som kommunale tilretteleggings- og investeringsprosjekt eller som samarbeidsprosjekt med frivillige organisasjonar og andre aktørar.

# Kva skal planen omfatte?

- Planen omfattar tiltak på dei viktigaste turstiane og turvegane kring tettstadene våre, og informasjon, merking, kvileplasser og rasteplassar knytt til desse.
- Som del av planarbeidet er det også kartlagt sanitæranlegg og parkeringsplassar knytt til friluftsområda. Sidan mange av sanitæranlegga og parkeringsplassane også har mykje besøk frå tilreisande må kommunen sjå dei i samanheng med utfordringar knytt til parkering, bubilcamping og sanitærtilbod i reiselivet. Å finne løysingar på desse utfordringane ligg difor inne i planen som eit eige tiltak og som del av eit større besøksforvaltningsarbeid som må skje parallelt med tiltaka i planen. Dersom dette arbeidet identifiserer viktige tiltak som har verknad på friluftslivet kan desse rullerast inn i plan for friluftslivets ferdelsårer hausten 2025.
- Skiløyper, sykkelløyper, badestrender og aktivitetar på fjorden inngår ikkje i denne planen. Men det er eit mål at planen tek inn desse tilboda når den blir rullert ved seinare høve.
- Planen omfattar ikkje turstiar i utmarksområde som ligg langt unna tettstadene.

# Medverknad

For å kartlegge turane vart det arrangert arbeidsverkstadar i alle dei fem tettstadane i kommunen: Fjærland, Sogndal, Kaupanger, Leikanger og Balestrand. Her vart både lag og organisasjonar knytt til friluftsliv og alle innbyggjarar elles inviterte. Dei fekk moglegheit til å teikne på kart og på den måten bidra i kartlegginga av turruter og målpunkt. I tillegg har nokre ressurspersonar i bygdene vore med i ettertid for å kvalitetssikre kartlegginga. I utarbeidinga av tiltakslista har det vore møter med aktuelle lag og organisasjonar som arbeidar med friluftsliv for å få innspel og tilbakemelding på om tiltaka treff deira behov.



# Kartlegging og registrering

For å få oversikt over ferdselsårene i kommunen er det brukt ulike kjelder. Turkart, trimpostane i tettstadane, kommunale og nasjonale kartbasar og GPS-loggar har blitt brukt, i tillegg til intern kompetanse i kommunen og innspel frå arbeidsverkstadane med innbyggjarane og ressurspersonar i lokalsamfunna.

Som del av arbeidet med planen er det utarbeida eit digitalt kartgrunnlag som viser dei registrerte ferdselsårene og målepunkta. Det er og laga ei oversiktstabell over alle turar og målpunkt med namn, status, beskriving og tiltak for kvar sti som kan knytast til kartet over stiar. Både kartgrunnlag og oversiktstabellen er ikkje synleggjort i planen, men vil bli brukt som database for vidare arbeid med friluftsliv i kommunen. Databasen blir også delt med kartverket.

Kartgrunnlaget gir ei oversikt over det meste av turar i kommunen. Ut frå ei vurdering av turane opp mot kommunen sine mål med planen er nokre utvalde turar teke med vidare i planarbeidet. Det er ikkje meininga at planen skal dekkja alle stiar og turruter i Sogndal kommune.

# Kvifor bør me legge til rette for fysisk aktivitet?

I følgje Helsedirektoratet klarer me ikkje auke det fysiske aktivitetsnivået i befolkninga til det nivået som staten ønskjer. Sidan velferdssamfunnet ikkje vil klare å handtere dei auka utgiftene knytt til helse og omsorg som er forventa i framtida, meiner Helsedirektoratet at kommunane difor må satse endå meir på førebygging gjennom fysisk aktivitet.

Dersom 100 personar over 50 år går frå å vere inaktiv til *delvis fysisk aktiv*\* vil det resultere i 730 friske leveår totalt. Det ligg difor store samfunnsøkonomiske gevinstar i å få fleire innbyggjarar til å bli fysisk aktive.

\* Til dømes 1-2 km dagleg gange

# Kvifor bør me legge til rette for friluftsliv?

**Helsedirektoratet sin vegleiar «Lokale folkehelseiltak – veiviser for kommunen» (2023) forklarar kvifor kommunar bør planlegge for bu- og nærmiljø og områder for friluftsliv som stimulerer til fysisk aktivitet for alle:**

«Tilrettelegging for aktivitetsvennlege nærmiljø som kan få fleire til å gå, er eit viktig tiltak for å jamne ut sosiale helseskilnader. Ved daglege reiser til fots ser me ein omvendt gradient. Det er fleire som går blant dei med lågast utdanning, einslege, dei med lågast eigen inntekt/hushaldningsinntekt, sammenlikna med dei med høgast utdanning, par med eller uten barn og dei i kategoriane med høgast inntekt. Det er mindre sosiale skilnader ved aktivitetar som gåturar i naturomgivnader i nærleiken av bustad, enn ved andre aktivitetar som sykling, langrenn eller svømming der dei sosiale skilnadene er større.

Det er godt dokumentert at aktivitetsvennlege bu- og nærmiljø og områder for friluftsliv som stimulerar til fysisk aktivitet for alle, er effektivt og eit prioritert tiltak for å få auka fysisk aktivitetsnivå i befolkninga. Det er spesielt viktig med lokale nærfriluftsområde i område med fortetting og i utsette område der folk bur trangt.



Friluftsliv kan vere ein nøkkel til å få med mange som i dag er inaktive. Tal frå SSB syner at 93% i 2021 oppga at dei har gått i parkar eller naturomgivnader i nærleiken av bustaden sist år. Å vere fysisk aktiv i naturen og nærmiljøet er den aktiviteten nordmenn oppgir at dei helst ønskjer å gjere meir av. Det er gjort berekningar som syner at friluftslivet har ein stor velferdsgevinst.

Naturen har eit unyttta potensiale for å forbetre folkehelsa både fysisk, mentalt og sosialt. Gåing er den vanlegaste fysiske aktiviteten i alle aldersgrupper. Barn og unge, vaksne og eldre er meir fysisk aktive dersom parkar, grøntområde, anlegg for rekreasjon, mosjon og idrett, kollektivtransport, servicetilbod og butikkar ligg i nærleiken av heimen og/eller arbeidsplassen...

...For mange eldre er aktivitetar langt unna bustaden ei utfordring. For å stimulere til fysisk aktivitet hjå eldre, er det viktig med tilbod nær der dei bur. Seniorar sin bruk og behov for ivaretaking og tilrettelegging av friluftsområde i nærmiljøet er ein del av Miljødirektoratet sitt nærmiljøprosjekt om tilrettelegging av grøntområder.

Det er gjennom tverrsnittstudiar synt at vaksne som bur 1-10 min frå eit *friområde/park/turveg* har eit gjennomsnittleg aktivitetsnivå som er høgare enn dei som bur lengre frå. Godt tilrettelagde bu- og nærmiljø har betydning for utjamning av sosiale skilnader i aktivitetsvaner.» (Helsedirektoratet, 2023)


# Forankring i samfunnsplanen

Sogndal kommune ønsker å bli best i landet på kvalitet og tilgjenge til rekreasjonsområde og anlegg for fysisk aktivitet. Plan for friluftslivets ferdselsårer skal bidra til dette ved å legge til rette for:

- Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse hjå innbyggjarane
- Auka bulyst og attraktivitet som bukommune og reisemål
- Eit breitt aktivitetstilbod med ulik tilretteleggingsgrad
- Fleire turar i nærområde rundt tettstadane
- Betre informasjon om og kjennskap til ferdselsårene i kommunen, både fysisk og digitalt
- Skape nettverk og god koordinering mellom aktørar som arbeider med ferdselsårer i tettstadane.

# Prinsipp for korleis kommunen skal jobbe med tilrettelegging for friluftsliv

*Me skal nå så mange innbyggjarar som mogleg, så nær som mogleg der dei bur. Kommunen skal prioritere turstiar og turveger i tettstadene og i nærnaturen kring tettstadene.*



# Fire soner for tilrettelegging

## Tettstaden – rekreasjon i sentrum

- Innanfor sentrum av tettstadene. Gang og sykkelveg, parkar, grøntareal, torg, møteplassar, toalett, parkering, infoskilt. Utgangspunkt for turar i nærnatur. Sommar- og vintervedlikehald.

## Nærnatur – turområde i gang/sykkelavstand

- Nær eller i bebyggelse, mindre enn ti minutt gange/500 meter frå ein bustadkonsentrasjon eller sentrumsgrensa til starten av naturen. Toalett, parkering for rørslehemma, infoskilt, merking, møteplassar, utgangspunkt for nærturar. Bør ha tilbod som møter krav til universell utforming eller godt tilgjengeleg. Vurdere aktiv bruk av statleg sikring.

## Utfartspunkt – node i bilavstand

- Utanfor bebyggelse, i natur. Brøyting, parkering, toalett, informasjon, skilting, merking. Kan vere knytt til attraksjon. Utgangspunkt for fjellturar. Bør ha tilbod som møter krav til universell utforming eller godt tilgjengeleg.

## Utmark – turområde ut frå nærnatur og utfartspunkt

- Ute i naturen. Merking, hytter, sikringsbu, løyper.

# Ulike grader av tilrettelegging

- **Universell utforming** er ein langsiktig nasjonal strategi som skal bidra til å gjere samfunnet tilgjengeleg for alle, og forhindre diskriminering. Ein universelt utforma tur er utforma etter krav og normer som gjer at flest mogleg kan ta den i bruk.
- **Godt tilgjengeleg** betyr at turen er tilgjengeleg for eit breitt spekter av brukarar, men det må ikkje vere ein turveg eller oppfylle alle krava til universell utforming. Dei skal minimum vere like tilgjengelege som turløypene med grøn merking, jamfør krava i merkehandboka.
- **Turvegar** er fleirfunksjonelle trasear med høg utnyttingsgrad for ferdsel til fots, med sykkel, barnevogn eller rullestol. Dei har stor grad av opparbeiding med eit fast og jamt toppdekke. Ein turveg kan vere universelt utforma eller godt tilgjengeleg.
- **Turstiar** er trasear primært for ferdsel til fots. Traseen er rydda, merka og med ein avgrensa grad av opparbeiding. Fremkommeligheita er forbetra for å leie bort overvatn, bygge klopper, mindre bruer etc. Ein tursti kan ikkje vere universelt utforma, men kan vere godt tilgjengeleg.

# Resultatmål – kva ønskjer me å oppnå med planen?

- Alle innbyggjarane i tettstadane skal ha tilgang til eit nærnaturområde med lågterskel turstinett innan 10 min/500 meter gange frå bustadområdet sitt
- Kvar tettstad skal ha minst eitt universelt utforma turmål.
- All informasjon og merking om turtilbod skal følgje merkehandboka og ein standard for godt tilgjengeleg turinformasjon.
- Informasjon om turtilboda skal vere tilgjengeleg både fysisk og digitalt.
- Planen skal i den grad det er mogleg prioritere tiltak og områder som legg til rette for rundturar.



# No-situasjonen i kommunen

## **Eit godt utgangspunkt**

Sogndal kommune har vakker natur og gode tilhøve for friluftsliv i heile kommunen, noko ein ser att i omfanget av tilgjengelege stiar og turar. Det er mange organisasjonar, grunneigarar og eldsjeler som deltek i arbeidet med utvikling og vedlikehald av turstiane i kommunen og som gjer ein viktig jobb for at innbyggjarane skal komme seg ut på tur.

## **Lite tilgjengeleg informasjon**

Nesten alle tettstadane har eigne trimturgrupper med trimpostar. Trimpostane er mykje brukt, og dei fleste stiane er skilta og merka på eit eller anna vis. Det er likevel gjennomgåande at det er lite informasjon om turane både fysisk og digitalt. Dette gjer at ein gjerne må vere lokalkjend for å oppsøke turtilboda. Mangelen på informasjon aukar terskelen for å kome seg ut, og kan i verste fall gjere at ein del ikkje kjem seg ut i heile teke. For å senke terskelen for å kome seg ut treng innbyggjarane betre informasjon om vanskegrad, parkering, skilting, merking etc. Fysiske informasjonstiltak i tettstader og turområde, og betre digital informasjon på nett er difor etterspurd.

# No-situasjonen i kommunen

## **Lite er formalisert**

Eit fellestrekk for mange av tettstadane er at det er få skriftlege vedlikehaldsavtalar og grunneigaravtalar om turstiane. Mykje skjer munnleg mellom frivillige og grunneigarar, noko som er sårbart ved skifte av folk hjå frivillige, grunneigarar eller i kommunen. Å få formalisert dette arbeidet er viktig for vidare utvikling av stinetta i kommunen.

## **Mange små tiltak kan gi stort løft**

Framleis er det mange stiar som manglar god nok skilting og merking, eller som treng meir tilrettelegging med klopper, gjerdeklyv og parkeringsmoglegheiter. På mange av stiane og turvegane er det små tiltak som må gjerast for at turane skal bli godt tilgjengeleg for fleire innbyggjarar.

## **Nokre store tiltak er naudsynt**

Alle tettstadene manglar universelt utforma turtilbod i naturområda sine. Utanom Kaupanger og til dels Balestrand er det lite flate turvegane i nærturområda kring tettstadene.

## **Behov for meir samarbeid**

Det manglar eit nettverk mellom aktørar som jobbar med friluftslivstilrettelegging i bygdene. Dei ulike aktørane kan truleg inspirere og lære av kvarandre dersom nokon legg til rette for det.

# Overordna tiltak for å møte no-situasjonen

- Kommunen bør bruke plan for friluftslivets ferdselsårer aktivt for å prioritere tiltak saman med frivillige organisasjonar i bygdene.
- På alle turstiar og –veger der det skal gjennomførast tiltak bør det vere skriftlege grunneigaravtalar, skiltplanar og drifts- og vedlikehaldsavtalar.
- Kommunen bør etablere eit informasjon- og merkeprosjekt som sikrar godt tilgjengeleg informasjon om dei viktigaste turstiane og –vegane i kvar bygd.
- Mange turstiar og –veger som ikkje er nemnt i denne planen vil bli meir tilgjengeleg for funksjonsnedsette med nokre små tiltak:
  - Benkar langs turvegar som har tilgjengeleg tilkomst og utforming
  - Tilgjengeleg tilkomst og utforming til gapahukar og bål plassar
  - Minimum 90 cm brei tilkomst på sida av bom og gjennom grinder.
  - Jamt og bearbeida underlag på utvalde stiar

# Status: Sogndal/Kjørnes

Fjellet og fjorden ligg tett på sentrum, noko som gjer at det ikkje skal mykje til for å få ein god naturoppleving i bygda. Du finn asfalterte eller grusa vegar langs fjorden med lite eller ingen trafikk og lange flate parti. Sogndal har difor nokre fjordnære turar som kan bli kategorisert som godt tilgjengelege med betre informasjon og fleire kvilebenkar/rasteplassar.







Samstundes er turstiane rundt Sogndal veldig bratte, og tilgjengelegheita til turane varierer i stor grad etter kor du bur. Ønskjer du å komme deg ut i naturen må du anten gå opp i høgda, sykle til turutgangspunktet eller køyre til andre utfartsområde i kommunen.


## Behov:

I Sogndal er det tre nærturområde tett på bustadområda som skil seg ut og som bør få betre tilrettelegging. Dette er Stedjeåsen, Røvhaugane og Kjørnes. Områda kan løftast med betre merking og informasjon, og utbetring av eksisterande stiar. Nokre nye og flatare turalternativ langs elva og i dalsidene over busetnaden i sentrum vil løfte turtilbodet i bygda til eit nytt nivå og gjere at fleire innbyggjarar oppsøker lågterskel turtilbod nær heimane sine.



## Teiknforklaringar

-  Eksisterande målpunkt
-  Utsiktspunkt
-  Parkering
-  Toalett
-  Eksisterande fottrasé
-  Prioriterte eksisterande fottrasé





# Status: Leikanger

Leikanger tilbyr fantastisk fjordutsikt og flotte dalar som er tilgjengeleg på slake traktorveggar og naturskjønne stiar. Fleire turar kan bli godt tilgjengelege med betre informasjon, tydelegare turmål og kvilebenkar/rasteplassar. Frå sentrum er turane stort sett bratte, og ønskjer ein å gå på ein flat tursti eller turveg krev det bratt gåing eller bil for å kome til turstart. Leikanger er ein langstrakt bygd, men det er likevel lite flate turstiar, turvegar eller turområde mellom dei ulike bustadområda som knyt dei saman.

## Behov:

Turmoglegheitene er mange på Leikanger og trimpostane er mykje brukt. Det manglar likevel eit systematisk arbeid med turnettet og betre digital og fysisk informasjon er etterspurt. I tillegg bør ein etablere nokre flatare turstiar og turvegar nærare busetnaden som kan knyte bygda meir saman og gjere at fleire innbyggjarar oppsøker lågterskel turtilbod nær heimane sine.





### Teiknforklaringar

- Eksisterande målpunkt
- Foreslått målpunkt
- ✳ Utsiktspunkt
- P Parkering
- WC Toalett
- H Hytte
- Eksisterande fottrasé
- Prioriterete eksisterande fottrasé





# Status: Kaupanger


Kaupanger har store skogsområde med flott fjordutsikt, stiar og slake traktorvegar som slynger seg gjennom terrenget. Det er difor fleire turar som kan bli godt tilgjengelege med betre informasjon om turane og tilrettelagde kvilebenkar/rasteplassar. Dei store skogsområda gjer at avstanden frå sentrum til ein del av turområda krev bilkøyring. Hjå ein del brukarar aukar dette terskelen for å komme seg ut på tur.

## Behov:

Det er mange turar på Kaupanger som berre treng små tiltak som til dømes kvilebenk, passasje forbi bom eller litt utjamning av stidekke for å bli ein godt tilgjengeleg tur. Dei fleste turtilboda burde hatt betre fysisk og digital turinformasjon. Synleggjering av nokre godt tilrettelagte og flatare rundløyper ut i frå byggjefeltet på Kaupanger vil gjere at fleire innbyggjarar tek i bruk lågterskel turmoglegheiter nær der dei bur.

### Teiknforklaringar

-  Eksisterande målpunkt
-  Utsiktspunkt
-  Parkering
-  Toalett
-  Eksisterande fottrasé
-  Prioriterte eksisterande fottrasé





# Status: Balestrand


Balestrand har eit bra nettverk med turstiar som ligg tett på busettinga. Desse har fleire innfartspunkt, parkeringsmoglegheitene er gode og stiane er godt skilta. Utanfor sentrum har du rasteplassar og hytter som legg til rette for eit sosialt friluftsliv med nær tilkomst frå bilveg. Det er difor mange turar som berre treng betre informasjon digitalt og fysisk for å bil godt tilgjengeleg i Balestrand.

## Behov:

I Balestrand er det gjort mykje godt arbeid av ivrige eldsjeler over tid for å opparbeide turstinettet. Neste steg i utviklinga av turstinettet i Balestrand er å gjere fleire av turtilboda universelt utforma eller godt tilgjengelege med nokre utbetrande tiltak på dei flatare turane. I tillegg bør det gjerast ein jobb for å betre den digitale turinformasjon slik at fleire innbyggjarar får moglegheita til å bruke turstinettet.

# Teiknforklaring

- Eksisterande målpunkt
- Foreslått målpunkt
- ✳ Utsiktspunkt
- P Parkering
- WC Toalett
- 🏠 Hytte
- ℹ Informasjonsskilt
- Eksisterande fottrasé
- ◄◦◦◦► Foreslått fottrasé
- Prioriterete eksisterande fottrasè




# Status: Fjærland

Fjærland tilbyr spektakulær fjellnatur omringa av isbrear i eit klassisk norsk fjordlandskap. Dei flate områda er godt utnytta av dei lokale, og det er traktorvegar som går inn i så og seie alle dalane. Fjærland har turar og målpunkt som med betre fysisk og digital turinformasjon kan bli godt tilgjengelege. Fleire av turane med potensial har ein akseptabel stigningsgrad for elektrisk rullestol. Men Fjærland manglar nokre kvileplassar/rasteplassar med tilgjengeleg utforming. I tillegg er det ein del høgdemeter til ein del av turstartpunkta.

## Behov:

Utover å vedlikehalde det som allereie eksisterer er det mogleg å legge til rette for ein rundtur og møteplass ved Mundal sentrum. Turistar i Bøyadalen og Supphelledalen bør også få opparbeida lågterskel turtilbod frå parkeringsplassane. I tillegg bør stiane i bygda blir oppgradert med ny merkestandard og det bør utarbeidast fysisk og digital turinformasjon.





### Teiknforklaringar

- Eksisterande målpunkt
- Foreslått målpunkt
- ❄ Utsiktspunkt
- P Parkering
- WC Toalett
- Eksisterande fottrasé
- Prioriterte eksisterande fottrasé



# Prioritering av tiltak

Eit tiltak skal ha så mange som mogeleg av desse eigenskapane for å bli prioritert:

- ✓ Tiltaket når mange innbyggjarar utan at dei må bruke bil
- ✓ Tiltaket kan gjerast godt tilgjengeleg eller universelt utforma for menneske med nedsett funksjonsevne
- ✓ Tiltaket kan gjere at inaktive innbyggjarar blir meir fysisk aktive
- ✓ Tiltaket kan skape meir attraktive stader å bu og besøke
- ✓ Tiltaket kan føre til ein potensiell miljøgevinst

1. Del 1 er ei prioriteringsliste for tiltak som er så viktige for innbyggjarane at Sogndal kommune bør vurdere å delfinansiere tiltaka gjennom egne budsjettvedtak.
2. Del 2 er uprioriterte lister med tiltak i kvar tettstad som er avhengig av initiaiv og eigarskap hjå dei frivillige organisasjonane. Kommunen forpliktar seg til å møte dei frivillige initiativa med velvilje og god rettleiing.

I gjennomføringa av tiltak vert grunneigar teken med på råd.

# Del 1: Tiltak som krev budsjettvedtak i kommunen

Prioritering	Tiltak	Område	Ansvar	Estimert kostnad	Estimert kommunal eigendel
1	Etablere godt tilgjengeleg turveg Vikane - Lem - Museet - Vesterland.	Kjørnes - Kaupanger	Kommunen	1 600 000 kr	300 000 kr + eigeninnsats
2	Etablere universelt utforma sti frå Balali til Granlia og lage ny tilkomst til Balali	Balestrand	Kommunen og Vener av Balestrandfjella	970 000 kr	50 000 kr + eigeninnsats
3	Delprosjekt på besøksforvaltning for å etablere ein berekraftig utvikling, forvaltning og drift av parkerings- og sanitæranlegg i friluftsliv og utfartsområde. Dette inneber også betre handtering av bubilcamping.	Heile kommunen	Kommunen, Sogn næring og Sogn friluftsråd		500 000 kr i prosjektarbeid
4	Prosjekt på turinformasjon, merking og skilting frå sentrumsområda og ut til friluftsområda rundt tettstadene. Prosjektet vil vere avhengig av dugnadsarbeid frå frivilligheita for å bli gjennomført.	Leikanger, Balestrand, Kaupanger, Fjærland (Pilot i Sogndal gjennomførast hausten 2024)	Kommunen og frivillige	1 200 000 kr	200 000 kr + eigeninnsats
5	Etablere universelt utforma elvesti via Kvåle bru	Sogndal	Kommunen	750 000,-	375 000 kr + eigeninnsats

# Del 1: Tiltak som krev budsjettvedtak i kommunen

Prioritering	Tiltak	Område	Ansvar	Estimert kostnad	Estimert kommunal eigendel
6	Etablere universelt utforma kvilebenkar knytt til sentrumsnære turmål	Heile kommunen	Kommunen, frivillige og næringslivet i samarbeid	300 000 kr	150 000 kr + eigeninnsats
7	Lokalt frivillignettverk for bygging, drift og vedlikehald av turstier og turveger	Heile kommunen	Kommunen	150 000 kr	150 000 kr årleg til tilsyn og vedlikehald
8	Undersøkje moglegheita for å etablere ein godt tilgjengeleg elvesti på Hermansverk	Leikanger	Kommunen	Uvisst	Uvisst
9	Undersøkje moglegheita for å etablere ein godt tilgjengeleg tursti i høgdedraget over busetnaden i Sogndal sentrum inkl. kopling til fjordsti.	Sogndal	Kommunen	Uvisst	Uvisst
10	Undersøkje moglegheita for å etablere ein universelt utforma fjordsti på Leikanger	Leikanger	Kommunen	Uvisst	Uvisst
11	Undersøkje moglegheita for å etablere ein universelt utforma rundtur på Loftesnes	Sogndal	Kommunen	Uvisst	Uvisst

# Del 2: Tiltak som kan gjennomføres saman med frivillige i Balestrand

Tiltak	Område	Samarbeidspart lokalt
Etablere universelt utforma sti frå Sygnavegen til Ja-steinen og oppgradere området til å bli universelt utforma	Balestrand	Vener av Balestrandfjella
Gjere Kløyvd universelt utforma med små grep: utvide veg og redusere helling ned til hytta	Balestrand	Vener av Balestrandfjella
Gjere små tiltak for å gjere Lunde universelt utforma	Balestrand	Vener av Balestrandfjella

# Del 2: Tiltak som kan gjennomførast saman med frivillige på Leikanger

Tiltak	Område	Samarbeidspart lokalt
Undersøke moglegheita for å tilrettelegge rundturen Njøs-Fadnastølen	Leikanger	Trimgruppa Leikanger
Undersøke moglegheita for å etablere godt tilgjengeleg sti/turveg mellom Leite og Henja	Leikanger	Trimgruppa Leikanger
Undersøke moglegheita for å etablere eit universelt utforma turtilbod i Henjadalen	Leikanger	Trimgruppa Leikanger

# Del 2: Tiltak som bør gjennomførast saman med frivillige i Sogndal

Tiltak	Område	Samarbeidspart lokalt
Skilting til nærtuområda frå sentrum.	Sogndal	Sogndal turlag
Tilrettelegge Røvhaugane som eit godt tilgjengeleg nærtuområde med informasjon og stiltak	Sogndal	Sogndal turlag og Navarsete vel
Tilrettelegge Stedjeåsen som eit godt tilgjengeleg nærtuområde med informasjon og stiltak	Sogndal	Stedjeåsen trakkarlag
Tilrettelegge Storaneset som eit godt tilgjengeleg nærtuområde med informasjon og gapahuk	Sogndal	Kjørnes vel og Kjørnes barnehage
Tilrettelegge rundturen Kjørnes-Valeberg-Kjørnes som eit godt tilgjengeleg turtilbod	Sogndal	Kjørnes Vel



# Del 2: Tiltak som bør gjennomførast saman med frivillige i Fjærland

Tiltak	Område	Samarbeidspart lokalt
Etablere ein godt tilgjengeleg tur inn Mundal	Fjærland	Trimgruppa i Fjærland
Etablere godt tilgjengeleg rundtur i Bøyadalen	Fjærland	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Etablere godt tilgjengeleg sti i Supphelledalen	Fjærland	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, Fjærland bygdelag og Fjærland næringsforening
Tilrettelegging og turinformasjon om dagsturmål i Mundal	Fjærland	Trimgruppa i Fjærland

# Del 2: Tiltak som bør gjennomførast saman med frivillige på Kaupanger

Tiltak	Område	Samarbeidspart lokalt
Etablere Skogen rundt som godt tilgjengeleg rundtur	Kaupanger	Trimgruppa på Kaupanger
Undersøke moglegheita for å etablere Byggefeltsrunden som godt tilgjengeleg rundtur	Kaupanger	Trimgruppa på Kaupanger
Undersøke moglegheita for å etablere ein sti over Teigen som kan bli kopla på eksisterande traktorveg	Kaupanger	Trimgruppa på Kaupanger
Undersøke moglegheita for å gjere stien til Kaupangerholten godt tilgjengeleg	Kaupanger	Trimgruppa på Kaupanger